

# Kyrkje og kultur i Sirdal



Til Sirdal frå  
Bolivia og Volda  
side 4-5

Arrangement i  
adventstida  
side 6-7

Kultursider  
side 18-23

# Andakt

## Krossmerket

Vi liker å kjenne at vi hører heime ein stad og saman med nokon. Ja, det er noko grunnleggande som ligg i oss helt frå skapinga, vi er skapte til fellesskap. Til fellesskap med Gud og med andre menneske. Vi gjer mykje for å vise kor vi ønskjer å høre til; vi bruker ofte klede, bilar, interesser, hus osv. for å vise kven vi er og kven vi hører saman med. Vi ønskjer frå vi er ganske små å markere kor vi hører til.

*”...vi er knytta til Gud og til kyrkjelyden med eit krossmerke.”*

deg med det heilage krossmerket...» blei det sagt, og det blei teikna ein kross over det vesle barnet. I dåpen blei vi merka, vi fekk eit krossmerke teikna over oss som viser kor vi hører til. Gud merkar oss. Dei koptiske kristne i Egypt har tatovert ein liten kross på innsida av handleddet. Når dei helsar på folk, viser dei også kor dei hører til, i den store verdsvide kyrkja. Vi ber ikkje eit synleg merke, men vi er knytta til Gud og til kyrkjelyden med eit krossmerke.

Med dette merket går vi ut i verda. Vi ber med oss eit merke som viser kor vi hører heime; hos Gud og i den store kyrkjefamilien som strekk seg langt ut over landegrensene like til verdas ende.

Lillian Flydal

# Adventstid

*Hektisk aktivitet og stress, eller omsorg, ro og ettertanke?*

Advent, jul og nyttår ligg no framfor oss. Innholdet i denne utgåva av bladet vårt er prega av det. Vi har mange fine opplevingar, konserter, lysmesser og gudstenester, å sjå fram til. Ta dei med deg!

Det har på mange måtar blitt ei hektisk tid i heile samfunnet vårt. Det er så mykje ein skal leva opp til. Misistar vi det viktigaste?

Advent, jul og nyttår – forventning, glede, status og tankar om framtida.

Kjøpepress, ting, ting, ting, meir, meir, meir. Desember har blitt glansmånaden for handelsnæringa. I det vesle landet Butan i Himalaya, som er prega av buddhistisk religion, har dei innført eit nytt omgrep: ”brutto nasjonal lukke”.



Det kan vera ei påminning for oss som kristne. Kristus kom og forkynte kjærleik, omsorg og gjevarglede, ikkje eit stadig aukande brutto nasjonalprodukt, ikkje eit stadig aukande personleg forbruk – det er ikkje det som gjev lukke.

Kan vi, midt oppi alle førebuingane, ha fokus på det viktigaste i denne tida: Gud kjem til oss, gjev seg sjølv for oss og ber oss syna kjærleik og omsorg for kvarandre.

*Den som sparsamt sår, skal og hausta sparsamt, og den som sår med velsigning, skal og hausta med velsigning. Kvar må gje det han har bestemt seg for i sitt eige hjarte, ikkje med ulyst eller av tvang. For Gud elskar ein glad gjevar. (2.Kor.6-7)*

Med ønske om ei god adventstid, ei god julehøgtid og eit godt nytt år!

Lars Audun Fodstad

## Kyrkje og kultur i Sirdal: nr 4/2012

### Utgjevar:

Sirdal kyrkjelyd i samarbeid med Sirdal kommune, eining for kultur og fritid.

### Fire utgåver pr år.

### Redaksjon:

Lars Audun Fodstad, Solbjørg Tjørhom, Sven-Egil Testad og Per Øistein Rogstad. Noahs ark-sidene: Ragnhild Maria Sandvik og Inger Solveig Høyland.

Kultursidene: Eining for kultur og fritid.

### Abonnement

Bladet blir sendt gratis til alle husstandar i Sirdal. Utanom Sirdal er det mogleg å tinga bladet for kr 150 pr år.

Kontaktinformasjon for abonnement og støtteannonser:

Postboks 133, 4441 Tonstad  
Tlf 38371600, e-post: post@sirdal.kyrkja.no

Framsidefoto: Frank Haughom

Trykk: Birkeland Trykkeri

Miljøtipset:

# Grøne julegåvetips



Foto: [www.fotoakuten.se](http://www.fotoakuten.se)

*Det er tanken som tel, vert det sagt.  
Men, det er neimen ikkje enkelt å ten-  
kje seg fram til gode idéar når folk alt  
har det dei treng - og vel så det. Her  
er nokre grøne julegåvetips som kan  
hjelpe fantasiens i gong.*

Lag noko sjølv: Strikke, snekre, safte, sylte, sy, måle, komponere... Få inspirasjon ved å delta på redesignkvelden som er annonsert til høgre på denne sida. Gje bort ting du ikkje nyttar: Pianoet? Eggekokaren? Kanskje storebror vil gje kassa med duplo til lillesøster? Gje bort gode minne. Lag eit fotoalbum eller ein kalender. Ram inn eit bilete av deg sjølv eller borna dine.

Gje bort billettar til konser, kino, teater osb.

Klippekort på tenester: Klippe plenen, vaske vindauge, sitte barnevakt, fotmas-sasje osb.

Kjøp brukte gåver. Gå på skattejakt på loppemarknad, i bruktbutikk og antikvariat eller på finn.no.

Design dine eigne gåvekort på gave-kort.framtiden.no.

Gje bort ein telttur, snøhuleetur, hytte-til-hytteetur, fisketur, togtur til Oslo, eller liknande.

Gje ein donasjon til ein misjonsorganisa-sjon, Kirkens nødhjelp eller andre ideelle føremål.

Sven Sandvik

## Re-designkveld på Tonstad

Har du gamle bukser, dukar, dynetrekk eller anna liggjande? På onsdag 28. november kl 19 blir det inspirasjonskveld innan redesign i Kyrkjestova ved Tonstad kyrkje. Me syr enkle hjarte, poser og vesker, og delar idear for å sy om klede. Om du har idear, symaskin og ei god saks, ta det gjerne med til ei koseleg kveldstund. Torill Husum Tjørhom og Inger Johanne Ousdal er ansvarleg for kvelden.

## Byttedag for vin-tersportsutstyr

Laurdag 10. november kl 10-14 blir det kjøp, sal og bytte av sportsutstyr på Kulturhuset. Dette er i regi av FAU ved Tonstad skule. Dette er primært for elevane ved Tonstad og Sinnes skular. Dei som har noko å selje får tildelt bord. Alle er velkomne til å kjøpe utstyr. Det blir sal av kaffi og kaker til inntekt for Polen-tur. Dette er eit flott tiltak, som vi oppfordrar folk til å støtte opp om.

## Fairtrade kaffe



Fairtrade-systemet ble opprettet i 1988 for å verne kaffebønder mot de kraftig svingende internasjonale råvareprisene. Med Fairtrade-kontrakter og Fairtrade-premium vet bøndene hva de kommer til å få i betaling for kaffen neste måned og at de kommer til å ha en inntekt neste år - noe som gjør det lettere å planlegge fremtiden.

# Til Sirdal frå Bolivia og Volda

*- Der et dei berre fisk, det er mørkt heile tida og nordmenn likar ikkje folk med mørk hud, var mellom åtvaringane som David Garnica fekk av sine kameratar før han gifta seg med Anne Turid Solberg og flytta til Noreg og Sirdal. Nå har han budd her i 14 år og trivst godt.*

Eg er på besøk hos Anne Turid og David Garnica i "Bekkjedalen". Det er snart to år sidan dei flytta inn i det nye huset. Det er så lyst og lett inne, og utsikten utover Sirdalsvatnet er så flott som ein kan ynskja.

Me pratar om så mangt, og David fortel litt om heimlandet sitt, Bolivia. Landet har fått namnet etter fridomskjemparen Simón Bolívar, gjerne kalla "Sør-Amerikas far". Bolivia er tre gonger så stort som Noreg, og har om lag 10 mill innbyggjarar. Landet vart sjølvstendig i 1825, og na-

sjonalldagen er 6. august. Det er faktisk ennå ukjende område i Amazon-jungelen med folkegrupper som ikkje er registrerte.

Første møte med sno

David kjem frå Tarija, ein by i den sørlege delen nær grensa mot Argentina. Her sør er det ikkje sno, det hadde han berre sett på TV og film, så han var heilt fascinert då han vakna ein novembermorgen i 98 på Tonstad, og såg den fyrste snoen liggja som eit kvitt teppe over landskapet!

Bolivia er eit katolsk land. David sin familie er baptistar, og han har vore aktiv i kyrkjelydsarbeid heile livet.

Telefonmontør og linjebyggjar

David flytta til Sucre, som er den eigentlege hovedstaden, medan regjeringa held til i La Paz, som feilaktig av oss blir rekna som hovudstad i Bolivia. Her i Sucre arbeidde han som telefonmontør og linjebyggjar. I Bolivia er dette ein farleg jobb, noko David opplevde. Telefon- og straumleidningar går gjerne i same stolpane, og dei er dårleg merka. David vart hengande fast i ein straumleidning medan han stod i ein stige 6-7 meter over



bakken. Han klarte å hoppa ut av stigen, og sleit seg laus. Heldigvis fekk han tak att i stigen før han nådde bakken!

Møttest i Sucre

I Sucre møtte han Anne Turid Solberg. Eg hugsar sjølv godt då ho i 1991 som nyutdanna lærar kom frå Volda, og hit til Sirdal. Ho arbeidde som lærar på Tonstad Skule i fire år, så vart ho kalla til lærar på ein norsk skule i Bolivia, med status som misjonær. Opphaldet varte til 1998. Dei var då gifte, og i juli same året, kom dei begge til Tonstad.

**"Der et dei berre fisk"**

David sine kameratar åtvara han mot å reisa til Noreg. Dei sa. "Der et dei berre fisk, det er mørkt heile tida, og nord-





menn likar ikkje folk med mørk hud!” Li-  
kevel tok han sjansen, og han sa at motta-  
kinga var langt betre enn åtvaringane  
skulle tilseia. Han fekk jobb ganske fort  
på Sirdal Vidaregåande Skule. Her lika  
han seg frå fyrste dagen, og kan ikkje få  
skryta nok av det gode arbeidsmiljøet!

#### Undra seg over tilliten

Han tykte språket var vanskelegare enn  
venta, men han prøvde alltid å ta kontakt.  
Han ville ikkje setta seg til inne, som han  
sa, for møte med menneske er så viktig.  
David har undra seg over tilliten som rår

mellom folk. Ei motorsag, eller anna  
reiskap som blir gløymt ute, får gjerne  
stå der. I Bolivia ville det truleg vore  
borte om morgonen.

David saknar motorsykkelen, sidan  
han dreiv med motorcross i heimlan-  
det. Det blei ikkje så mykje konkurran-  
se, men han klarte å slå læraren sin,  
seier han med ein liten smil.

#### Ressurs for bygda

David spelar gitar, og er aktiv i ei  
gruppe som har samlingar mellom  
anna på Sirdalsheimen, og har faste

møte på Omlid. Både Anne Turid og Da-  
vid er aktive i arbeidet i kyrkje og på be-  
dehus. Dei er dyktige medarbeidarar, og  
er ein stor ressurs for bygda.

Så var det kveld, eg takka for meg, og  
kjende at eg var glad for denne ettermid-  
dagen saman med to flotte menneske.

Sven-Egil Testad.

# Konsertar og kultur-arrangement før jul

*Fram mot jul er det planlagt mange flotte kulturarrangement og konsertar i kyrkjene. Først ut er Bodil Arnesen og Paul André Grinderud.*

Onsdag 21.november kl.19.00 er det konsert i Tonstad kyrkje med sopran Bodil Arnesen og forfattar Paal André Grinderud. Tema er takksemd og aktorene skriv: « Takknefthet er sann glede satt ut i praktisk handling. Takknem-

lighet fører oss mot lyset inne i oss.» Bodil Arnesen er ein av Noregs mest spennande sopraner, og har vunne mange prisar. Ho har eit omfangsrikt repertoar som spenner frå tidleg 1500-tals musikk til moderne elektronisk poprock. På konserten vil me mellom anna få høre Velsignelsen (kjent frå NRK P1), O mio babbino caro og You'll never walk alone. Paal André Grinderud er forfattar og foredragshaldar, og vart kjend hausten 1991 då han på NRK fortalte om sin oppvekst med ei alkoholisert mor. Grinderud har skrive sju bøker og er ei tydleg røyst



*Bodil Arnesen, bilete over og Paal André Grinderud til høyre er i Tonstad kyrkje 21. november.*

i samfunnsdebatten omkring barn sine oppvekstvilkår. Konserten varer om lag 2 timer, og det vil vere mogleg å få kjøpt den siste cd'en til Arnesen og den nyaste boka til Grinderud i pausen. Fri entré.



*Torstein Sødal, Maria Arredondo og Kim André Rysstad, syng i Tonstad kyrkje 13. desember, saman med Sirdal Blandakor og Revelation.*

Sundag 2.desember kl.17.00 er det adventssamling i Tonstad kyrkje. Det vert servering av gløgg og pepperkaker på Eliastunet frå kl.16, korpset spelar og ordføreren tenner julegrana. I kyrkja blir Tonstad barnekor, Cantarellene og Sirdal Blandakor i tilllegg til korpset.

Tysdag 4.desember kl.18.00 er det adventssamling i Kvævemoen kapell. Konfirmantane, elevar frå SMoK, Sirdal Blandakor og korpset deltek. Ordføraren tenner julegrana kl.17.30, og

etter samlinga i kapellet vert det servering av graut på Fjellmuseet.

Torsdag 13.desember kl.19.00 er det konsert i Tonstad kyrkje med Kim André Rysstad, Maria Arredondo, Torstein Sødal, Sirdal Blandakor og Revelation. Konserten vert kalla «Sørlandets egen julekonsert» og alle artistane har tilknytning til landsdelen. Både O helga natt, Mitt hjerte alltid vanker og Deilig er jorden står på programmet denne kvelden.

Billettar: 295,-(ordinær)/200,- (barn). Forhåndssalg av billettar på [www.sirdal.kommune.no](http://www.sirdal.kommune.no)

«Vi synger julen inn», torsdag 20.desember kl.19.30 i Tonstad kyrkje. Alle er velkomne til å vere med å synge dei kjente og kjære julesongane. Sirdal Blandakor og elevar frå SMoK deltek.

Ragnhild Maria Sandvik

# Lagsleir på Evje



Fem Sirdalsjenter og ein voksenleiar var på skulelagsleir på Evjetun 12.-14. oktober.

Fredag 12.oktober fylte eg opp bilen med fem jenter (og bagasjen til fem jenter...) og kjørte til Evje. Her skulle me på Evjeleiren som Laget (Noregs kristelige student- og skuleungdomslag) arrangerer. Her møtte me fleire flotte leiarar og ein ungdomsgjeng frå Farsund. Me hadde ei flott helg i lag.

På laurdagen kunne me velja aktivitetar. To av jentene valte fart og spenning i Go-cart bana i lag med ein gutegjeng, medan to vart med meg i Klatreskogen. Her var duka for spennande utfordringar. I

tre timer svevde med rundt opp i tretoppane. Me fekk kurs i å sikra oss sjølve, og vart sendt ut i løypa. O glede stor! Fire gonger måtte me kryssa elva Otra hengande i ei zip-line. Me kosa oss.

Elles hadde me fleire samlingar der me lærte meir om kristen tru og høyrt frå bibelen, me hadde misjonstorg med ansiktsmaling, massasje og anna moro. På laurdagskvelden tok underhaldninga heilt av, og jentene frå Tonstad fekk både leiarar og deltakarar til å springa som gale i gangane for å vinna henteleken. Mest alle jentene sov heile vegen heim att på sundag,



godt utsletne og nøgde. Takk for ei flott helg jenter!

Inger Solveig

# Gardsnamn i Sirdal: Oftedal



Folk frå Sirdal som har nokre år på nakkeneier ikkje Oftedal, men Optedal. Dette samsvarer godt med den eldste skrivemåten som var Optedall.

Første del av namnet kjem truleg frå det gamle norske namnet på svane, som var olptr. Truleg var det elva som først blei oppkalla etter den kvite fuglen med dei svære vengene. Når elva er flaumstor kan fossen høgt oppe i dalsida godt minna om ein svaneveng.

Heilt opp mot vårt århundre var det svært vanleg at alle gardar hadde sin

heilage plass eller stein som dei ofra til, og som skulle verja dei i naud. På Oftedal heitte steinen «Granne». Om denne heilagene det:

«Kver heve sine guda.  
Åptedal sinn  
Granne i garen.  
Gje Granne sitt,  
så vakta han deg å ditt»

Steinar Tjomlid

(Foto: Sven-Egil Testad)

## Laurdagar på Kvævemoen

Laurdag blir gudstenestedag på Kvævemoen og kyrkjekaffi blir "kyrkjetaco". Frå nyttår vil prøve med nokre i laurdagar kl.17.00, dersom biskopen godkjenner dette som ei prøveordning. Gudstenestene vil ha familiepreg med særleg tanke på barna. Frå før er det gode røynsler med å ha gudstenestene på Kvæven om ettermiddagen. Vi vonar at laurdag ettermiddag kan bli enno betre tidspunkt å samlast på. Då kan ein og ha eit måltid etterpå, taco eller annan laurdagsmat. Det er triveleg for store og små å ete i lag og det kan vere praktisk for den som har små barn. Tanken er at det skal gå på omgang å ordne med måltidet og at det kan bli mange som deler på dette. Det er kanskje uvant å bytte ut sundag som gudstenestedag med laurdag ettermiddag. Men laurdag ettermiddag er frå gammalt av inngangen til helga. Men viktigast er det å finne tidspunkt som passar for flest mogeleg. Vi veit at det vil passe for hytteturistar. Men vi vonar og at det vil passe for den som bor i Øvre Sirdal.





# Noahs ark



Hei!

No er det haust ute.

Hutrete og kaldt nokre dagar, klart og flott andre dagar. Du har sikkert funne fram ullstilongs, og vintersko.

Snart vert det enno kaldare, og mørkare. Og medan det er på det mørkaste og kaldaste, og snøen byrjar å dala, feirar vi den viktigaste bursdagen av alle. Kan du gjette kven sin bursdag det er ? Det er Jesus sin bursdag, og den feirar vi på julafjana.

Denne bursdagen feirar menneske over heile verda. I Noreg feirar vi med å gje kvarandre gåver. Vi feirar at Gud sende sin son til jorda, og tenk at Jesus, kongane sin konge, vart fødd i ein stall. Jesus er verda sitt lys, verkeleg eit lypunkt i den mørke vinteren!



Inger Solveig og Ragnhild Maria

I år som i fjar kjem Cantarellene til å gå Lucia på rådhuset den 13.desember ca kl.14. Me håpar mange vil få med seg denne stemningsfulle hendinga!

Laurdag 17.november er det Barnas Dag på kulturhuset...

Tonstad barnekor, Cantarellene og Vardeneset barnekor m/band har konsert i kinosalen kl.15. Andreas Høyland skal fortelje om Noahs ark. Det vert sal av mat, ansiktsmaling, hoppeslott og andre aktivitetar i idrettshallen. Alle er hjarteleg velkomne!



...og sundag 18.november  
**framfører kora "Barn i Guds tid" i Tonstad kyrkje kl.11.**

"Barn i Guds tid" er ei nattverdmesse skrivne av Johan Varen Ugland og Eivind Skeie. Flotte melodiar og fine tekstar. Ei gudsteneste det er vel verd å få med seg!



## Agentutfordring:

Kor mange gonger seier du takk i løpet av ein dag?



## Julevandring med Tonstad og Tjørhom barnehage

Når adventstida kjem er det tid for julevandring i Tonstad kyrkje og Kvævemoen kapell for dei eldste borna i Tonstad og Tjørhom barnehage.

Her vert borna skrivne inn i manntal og vandrar saman fram til stallen der Jesusbarnet blei født. Alle får roller undervegs, både borna og dei vaksne.

I fjor tok me desse flotte bileta og me gler oss til å møta dei som vert med i år.



Speleengelen speler på orgelet. Borna fekk sjå korleis orgelet i Kvævemoen kapell virkar, og det likte dei godt.

# Misjonsprosjekt i Midt-Austen

*oppvaken på Tonstad, reiser i desember for å arbeide ved ein disippeltreningsskule i Libanon som Ungdom i Oppdrag driv.*

Laila skriv:

Når folk spør meg kva eg held på med, svarer eg av og til at eg skal ut på eventyr. Eg har nemleg gått eit halvt år på ein disippeltreningsskule (DTS) i regi av Ungdom i Oppdrag i Libanon, og ut frå dette har det oppstått eit heilt misjonsprosjekt. Eg skal få lov til å dra tilbake i desember – denne gongen som ein del av staben.

## Bli betre kjend med Gud

Ungdom i Oppdrag sin visjon er å kjenna Gud og gjera han kjent. For det er lettare å gje vidare noko ein sjølv har teke imot. Det var for å få kvalitetstid i lag med

Gud at eg  
reiste til Libanon i januar i år, og  
Gud stilte opp. I løpet  
av tida eg var  
der hjelpte  
Gud meg  
med å ta tak i

**”Ungdom i Oppdrag sin visjon er å kjenna Gud og gjera han kjent.”**

dårleg sjølvtillit, utolmod, mistillit til Gud, sinne og kjensla av å vera avvist. Han viste meg at han er til å stola på, og han viste meg korleis han ser på meg: som ei kjær dotter og ei vakker brur. Ja, eg driv gjerne reklame for DTS



Bildeftekst: Laila Larsen står som nr 2 frå venstre på ein kulturveld i Libonen i april i år.

(disippeltreningsskule) generelt, og den i Libanon spesielt. Gud kan gjera det same for deg som han gjorde for meg, og ein DTS er ein god reiskap. Så er du mellom 18 og 60 kan dette vera noko for deg!

## Gjera Gud kjent

Då eg var i Libanon fekk eg inntrykk av at Gud ville eg skulle dra til eit lukka muslimsk land og tena han der, og det har i grunnen berre blitt stadfesta. Gud brukar visjonar, draumar og TV for å nå dei som tørstar etter han der, men han sender også arbeidarar som dreg ut som teltmakarar: Vanlege menneske som får seg jobb og forkynner dei glade nyhetene om Guds rike. Sidan eg er tospråkleg, kjem teltmakaryrket mitt til å vera tysklærar, då tysk er eit ettertrakta språk å læra for arabarar. I lukka land må ein vera veldig forsiktig med kven ein seier

kva til. Eitt feil ord, og ein blir utvist, eller det som verre er. Men eg har tiltrukket til at Gud opnar dei rette dørene for meg.

## Vegen vidare

På grunn av dette har eg bedt og søkt Gud for å få svar på korleis eg kjem dit han sender meg, sidan eg treng masse førebuing: Eg må førebu meg på kulturen, eg treng erfaring i å leia arabarar i forholdet til Jesus, langtidstilpassing til regionen, og verktøy og trening generelt. I mellomtida vart eg invitert til å bli del av staben for neste DTS (2013), og etter ei tid i bøn og ettertanke følte eg at Gud gav klarsignal til å seia ja.

DTS-en i Libanon er ein tospråkleg skule som tek imot utlendingar, men har som hovudmål å gjera arabarar til disiplar, slik at dei kan veksa i lag med Jesus og bli likare han. Dette vil gje meg erfaring i



å leia og trena arabarar.

#### Førebu meg på tenesta

Etter å ha vore stab på DTS-en 2013 har eg planar om å delta på eit SOFM-kurs (School of Frontier Mission) i Libanon, også i regi av Ungdom i Oppdrag. Dette vil førebu meg på tenesta i det nye landet mitt, og eg vil få kontakt med arbeidarar som har vore i landet over lengre tid. Kurset er utarbeida for å utrusta kristne til å leva og arbeida mellom folkeslag som har hatt lit eller inga høve til å høyra dei gode nyhetene om Jesus. Det består av tre månader undervisning og to år misjonsinnsats i eit eksisterande team. Undervisninga vil gje meg kunnskap og dugleik som eg treng for å gjera ein god jobb som misjonær i ein framand kultur.

*"Sidan eg er to-språkleg, kjem teltmakaryket mitt til å vera tysklærar"*

#### Medarbeidrarar

For å kunne reisa ut treng eg medarbeidrarar her heime som vil be for meg. Ungdom i Oppdrag gjev ikkje løn til medarbeidarane sine, kvar enkelt må finansiera opphaldet sitt sjølv. Så eg har lyst til å invitera deg til å be over om du skal vera med og støtta nokon som reiser med Ungdom i Oppdrag. Det kan vera ein av dei arabiske DTS-studentane våre, som pga. "den arabiske våren" slit økonomisk, meg eller andre som vil gå på DTS. Du kan støtta gjennom forbøn (be om opne dører, ándeleg og fysisk beskyttelse, tilpassing til kulturen, språk læring, at det ordnar seg med finansar osb.) og gjennom å gje ei pengegåve. Eg er takksam for all støtte. Gud velsigne deg!

Venleg helsing

Laila Larsen

[www.lilleulv84.blogspot.com](http://www.lilleulv84.blogspot.com)

# Om Ungdom i Oppdrag

Ungdom i Oppdrag består av mennesker fra mange nasjoner og ulike kirkesamfunn, og er en del av den internasjonale evangeliserings- og misjonsbevegelsen **Youth With A Mission** (YWAM).

YWAM har om lag 16 000 personer i heltidsengasjement fordelt over 180 ulike nasjoner og 800 lokaliteter/sentre. Vårt mål er tredekt. Vi ønsker å bidra til å fullføre misjonsbefalingen ved å presentere de gode nyhetene om frelse gjennom Jesus Kristus over hele verden, tilby undervisning gjennom vårt internasjonale universitet, University of the Nations, samt drive nødhjelp og utvikling blant fattige og trengende.

Vi ønsker å være et arbeidsredskap som lojalt kan samarbeide med alle evangeliske kirker og organisasjoner, og ønsker å bidra til større enhet blant kristne. Selv om vårt arbeid favner mennesker i alle aldre og livssituasjoner, tror vi Gud har gitt oss et særlig kall til å trenre og sende ut ungdom. Vi tror unge mennesker representerer et stort potensielle i misjonens tjeneste.

Ungdom i Oppdrag er en ideell organisasjon, våre ledere og medarbeidere er selv ansvarlige for sitt økonomiske underhold. Organisasjonen har rundt 300 arbeidere, fordelt på ni sentre i Norge. For å være medarbeider, må du ha tatt en Disippeltreningsskole (DTS).

(Henta fra <http://www.ywam.no> nettstaden til Ungdom i Oppdrag.)

# Takk til Ester Tjørhom

29. september hadde Ester Tjørhom sin siste offisielle teneste som kyrkjeterar i Kvævemoen kapell. 16. september fekk ho gáve og takk frå leiar i Sirdal soknereid Arnhild Bjørndal. Sidan 1992 har ho vore kyrkjeterar i kapellet. Vi takkar ho for god og trufast teneste i 20 år. No blir ho pensjonist på fulltid, og vi håpar at vi framleis kan få lov å spørje ho om ei og anna teneste når det trengs.

PØR

## Loppekomiteen på Tonstad Bedehus

Loppekomiteen på bedehuset vil takke alle som bidro til loppemarkedet i juni med lopper, auksjonsvarer, mat, arbeidskraft, penger og tid.

## Sirdal Håndlaft

Håndlafta hytter og annekts  
Rehabilitering av gamle bygninger og laft  
Rehabilitering av skorstein/pipe (foring)  
Nye peiser og ovner  
Salg av tretjære

Oftedal, 4440 Tonstad  
mob 952 46 098 (Øyvind Moen)



E-post:  
post@oftnb.no

Det ble en flott dag og ca 35.000 kr ble resultatet. Det er lillesalen på bedehuset som nå står for tur til oppussing.  
Hjertelig takk!  
Hilsen loppekomiteen

## Julemesse Tjørhom Grendehus 22. -23.11

FREDAG

19:30 Kveldsmøte  
Kransekakelotteri  
Pizza.  
Jon Arvid Böckmann taler  
Ulike sangkrefter

LØRDAG

12:00 Åpningsmøte  
Salg av komper og mat,  
Kaffi og brus  
Åresalg  
Aktivitetar for barna

16:00 Avslutningsmøte

Hovedtrekning

Arrangør:

Norsk Lutherisk Misjonssamband

## Førjulskos på Tonstad Bedehus

Vi samlas 1. desember kl 11.30. Vi serverer risgrøt og kaffi og kaker, og nylaga Potekaker av Elfrida.

Hanne og Jonny Risvold har andakt. Dei fortel også frå Russland. Dei var på tur der i oktober/november. Sirdal har fått eigen leilegheit i barnebyen Vårsol. Der foreldre tek seg av heimlause barn og gjev dei ein heim.

Utlodning med fine gevinstar på bok. Lynutladning av lefser og mange andre fine ting. Inntektene går til Hjelp til Russland. Du er velkommen

Inger Feed

## Flekkefjord og Treland Begravelsesbyrå

Kenneth Trælandshei  
Strandgt. 38  
4400 Flekkefjord  
Tlf. 38 32 22 27  
Mobiltlf. 950 50 700

Byrået med erfaring  
og lokale tradisjoner  
Døgnvakt

**SKRIFTHUGGER**  
kommer til kirkegårdene  
hver vår

**Haugom, Tonstad, Lunde og Kvævemoen**

**Navnetilføyelser, oppfriskning av gravmonumenter, omslipinger utføres på stedet**

**Ring for info og bestilling snarest.**  
**Johan Egeland, Kvinesdal**  
**Tlf: 901 07 649**

**Lister**  
begravelsesbyrå

Vi er alltid tilgjengelige  
når dere trenger vår hjelp  
Tonstadvegen 105,  
4436 Gyland  
Vakttelefon  
489 55 200  
Eilif Sandvand Galdal  
91880109  
Oddvard Galdal  
95974136  
[www.listerbegravelse.no](http://www.listerbegravelse.no)

Nær  
Butikken

Nærbutikken, Tonstad



Tonstad Autosenter  
Statoilservice, Tonstad  
Åpent hver dag til kl 22.00

Tonstadv. 17, 4440 Tonstad.  
38370142



# Tonstad Gratis Bilvask

Få vaskekort  
Få hver 6. vask gratis  
i vår nye vaskeautomat

4440 Tonstad  
Tlf 383 70048

## Takk til våre støtteannonsørar

Coop Marked Tonstad  
Tonstadv 27, 4440 Tonstad,  
tlf 38370123  
E-post: tonstad@marked.coop.no

Fjellbutikken AS  
Suleskard, 4443 Tjørhom, 38370010  
E-post: fjellbutikken@ngbutikk.net

Fokus Næringssselskap  
E-post: post@fokus.næringssselskap.no  
Web: [www.fokus.næringssselskap.no](http://www.fokus.næringssselskap.no)

GP Tjørhom  
Svartevatn, 4443 Tjørhom, 38371241  
E-post: Joker.sinnes@ngbutikk.net

Sageneset feriesenter a/s  
Nesset, 4443 Tjørhom, tlf 38371300  
E-post: feriesenter@sageneset.no  
Web: [www.sageneset.no](http://www.sageneset.no)

Sinnes Fjellstue  
Sinnes, 4443 Tjørhom Tlf: 90708457  
E-post: [post@sinnesfjellstue.no](mailto:post@sinnesfjellstue.no)  
Web: sinnesfjellstue.no

Sira-kvina kraftselskap  
Pb 38, 4441 Tonstad, tlf 38 37 80 00  
E-post: post@sirakvina.no  
Webadresse: [www.sirakvina.no](http://www.sirakvina.no)

Sirdal Regnskapslag  
Postboks 113, 4441 Tonstad  
tlf 38377490, e-post: post@srlag.no,  
Web: [www.srlag.no](http://www.srlag.no)

Sirdalshytta  
Postboks 143, 4441 Tonstad  
tlf 38377880  
e-post: post@sirdalshytta.no

Sirekroks Landhandel  
Omli, 4440 Tonstad, tlf 38371857

Sparebank 1 SR-Bank  
Pb 24, 4441 Tonstad, tlf 02002  
tom.leif.rusdal@sr-bank.no/  
astri.ousdal@sr-bank.no. [www.sr-bank.no](http://www.sr-bank.no)

Tonstad Bakeri  
Ytregarden 12, 4440 Tonstad  
tlf 38370114, e-post: bagaren@online.no

Tonstad Foto og Papir  
Josdalsv 2, 4440 Tonstad  
tlf 38370455, e-post: tonfot@online.no

Tonstadli ferie, kurs og misjonssenter  
Littleli 45, 4440 TONSTAD  
Tlf 38377480 Mob. 918 61 534  
[www.tonstadli.no](http://www.tonstadli.no)

## Kyrkjessenteret i Sirdal

Besøksadresse: Tonstadvegen 25

Postadresse: Pb 133, 4441 Tonstad

[www.sirdal.kyrkja.no](http://www.sirdal.kyrkja.no)

Telefon: .....38371600

Telefaks: .....38371601

Sokneprest Sigurd Flydal:  
[prest@sirdal.kyrkja.no](mailto:prest@sirdal.kyrkja.no)/45248536

Kyrkjeverje Per Øistein Rogstad:  
[pr@sirdal.kyrkja.no](mailto:pr@sirdal.kyrkja.no)/41457584

Kyrkjelydsarbeidar Ragnhild Maria Sandvik  
[rms@sirdal.kyrkja.no](mailto:rms@sirdal.kyrkja.no)/93652713

Kyrkjelydsarbeidar Inger Solveig Høyland  
[ish@sirdal.kyrkja.no](mailto:ish@sirdal.kyrkja.no)/95202865

Organist Hanne Birgitte Fodstad  
[organist@sirdal.kyrkja.no](mailto:organist@sirdal.kyrkja.no)/97678368

Haughom kapell:  
Dah May Htoo, reinhaldar

Tonstad kyrkje:  
Tone Marit Bjørnestad, kyrkjetenar og reinhaldar

Lunde kyrkje:  
Karl Edvald Fjeldsaa, kyrkjetenar  
Gunn Siri Ousdal, reinhaldar

Kvævemoen kapell:  
Katarzyna Kazimera Sochacka, reinhaldar

Sirdal sokneråd  
Arnhild Bjørndal, leiar, tlf 92623265  
Johannes Tjørhom Hompland  
Svein Arnfinn Hompland  
Inger Johanne Ousdal, nestleiar  
Kent Henrik Seland  
Velaug Åheram.

Vara: Ingunn Berstad Tonstad  
Karen Solveig Tonstad  
Stein Bergsåker

# Slekters gang

## Døypte

Lunde kyrkje  
30.09 Cindy Bjordal  
Tonstad Kyrkje  
16.9 Finja og Leoni Bøhland  
14.10 Tobias Jodal  
Levi Skregelid  
Jonas Ovedal

## Vigde

Kvævemoen kapell  
29.9 Hilde Marie Hadland og Morten  
Alexander Almås

## Gravferder

Kvævemoen kapell  
25.9 Aud Bodil Wik  
Haughom kapell  
26.7 Sigurd Ovedal

## Tonstad kyrkje

17.8 Johanne Jodal  
7.9 Sigurd Rostøl  
10.9 Tonny Gulovna Vatnedal  
4.10 Solveig Thorbjørg Ousdal

Hvordan  
har du det  
- egentlig?

Ring eller skriv.  
Vi er her. Alltid.

815 13 300  
Kirkens SOS

# Tveit og Tjomlid

Alt i graving, sprenging og  
massetransport.

Oftedal, 4440 Tonstad  
mob 915 13 408

E-post: [post@oftnb.no](mailto:post@oftnb.no)



# Landes Begravelses- byrå as

Når du trenger oss

Døgnvakt tlf.  
90098006

Elveg. 15 4400  
Flekkefjord  
tlf. 38 32 1122

# Vel komen til Kyrkje



11. november kl 11.00  
*24. sundag i treeiningstida*  
Lunde kyrkje  
Gudsteneste. Nattverd.  
*Offer til Kirkens SOS*

Laurdag 17. november  
kl 15.00  
Kulturhuset  
Barnas dag. Konsert med fleire  
barnekor. Ansiktsmaling.  
Andre aktivitetar. Sal av mat.

18. november kl 11.00  
*25. sundag i treeiningstida*  
Tonstad kyrkje  
Familiemesse. Barn i Guds tid.  
Barnekoret, Cantarellene og  
Vardeneset barnekor.  
*Offer til V-A sundagsskulekrets*

Onsdag 21. november kl  
19.00  
Tonstad kyrkje  
Konsert med Bodil Arnesen og  
Paal André Grinderud.  
Tema: Takksemd  
Fri entré

2. desember kl 11.00  
*1. sundag i advent*  
Lunde kyrkje  
Gudsteneste  
*Offer til misjonsprosjekt i*  
Aserbajdsjan, Normisjon

2. desember kl 17.00  
*1. sundag i advent*  
Tonstad kyrkje  
Adventsamling  
Kor og korps  
*Offer til Redd Barna*

Tysdag 4. desember kl.  
18.00  
Kvævemoen kapell  
Adventsamling  
Kor, konfirmantar og SMOK  
*Offer til Menneskerettsfondet*

Torsdag 13. desember kl  
19.00  
Tonstad kyrkje  
Julekonsert med Torstein Sø-  
dal, Maria Arredondo og Kim  
André Rysstad saman med  
Revelation og Sirdal Blanda-  
kor.

16. desember kl. 11.00  
*3.sundag i advent*  
Tonstad kyrkje  
Gudsteneste. Nattverd  
*Offer til Det Hvite Bånd*

16. desember kl. 19.00  
*3.sundag i advent*  
Haugom kapell  
Lysmesse. Konfirmantar.  
*Offer til Menneskerettsfondet*

Torsdag 20. desember kl  
19.30  
Tonstad kyrkje  
Vi syng jula inn.  
Sirdal Blandakor  
Allsong

24. desember kl 14.00  
*Julaftan*  
Kvævemoen kapell  
Familiegudsteneste  
*Offer til Kirkens Nødhjelp*

24. desember kl 16.00  
*Julaftan*  
Tonstad kyrkje  
Familiegudsteneste  
*Offer til Kirkens Nødhjelp*

25. desember kl 11.00  
*1. Juledag*  
Tonstad kyrkje  
Høgtidsgudsteneste  
*Offer til Misjonsprosjekt i Paris,*  
NMS

30. desember kl 17.00  
Kvævemoen kapell  
Julefest i for store og små.

31. desember kl 23.00  
*Nyttårsaftan*  
Tonstad kyrkje  
Felleskristeleg gudsteneste.  
*Offer til Syskenringen i Sirdal*

1. januar kl 11.00  
*Nyttårsdag*  
Sirdalsheimen  
Gudsteneste  
*Offer til kyrkjelydsarbeidet*

6. januar kl 11.00  
*Kristi openberringsdag*  
Haugom kapell  
Gudsteneste  
*Offer til Misjonsprosjekt i Paris,*  
NMS

20.januar kl 11.00  
*3.sundag i openberringstida*  
Tonstad kyrkje  
Gudsteneste m/nattverd  
*Offer til Israelsmisjonen*

Laurdag 26. januar kl 17.00  
*Laurdag før såmannssundag*  
Kvævemoen kapell  
Familiegudsteneste  
*Offer til Bibelskapet*



# Kultur KALENDER



[www.sirdal.kommune.no](http://www.sirdal.kommune.no)

Tlf. 38 37 90 00

## KULTURMÅNADEN NOVEMBER

TORSDAG 8. NOVEMBER:

VISE- OG LYRIKKVELD M/ELIN FURUBOTN MFL.  
SIRDAL KULTURHUS KL. 20:00 (CAFE KL 19:00) / KR 200

FREDAG 9. NOVEMBER:

TEATER: TESKJEKJERRINGAS JULESTRID  
SIRDAL KULTURHUS KL. 18:00 / ENTRE KR 200 (V) 160 (B)

SUNDAG 11. NOVEMBER:

OPNING KUNSTUTSTILLING: ELEVTEKNINGAR  
GALLERI EXCLUSIVE ART, ESPETVEIT KL. 12:00 - 18:00

SUNDAG 11. NOVEMBER:

KINO: REISEN TIL JULESTJERNEN  
SIRDAL KINO KL. 18:00 / ENTRE KR 80 / REGI: NILS GAUP

TYSDAY 13. NOVEMBER:

KONSERT: SECRET GARDEN - WINTER POEM  
SIRDAL KULTURHUS KL. 20:00 / ENTRE KR 290

TORSdag 15. NOVEMBER:

HAUSTSPRELL MED SIRDAL KULTURSKULE  
SIRDAL KULTURHUS KL. 18:00 / ENTRE: FRI

FREDAG 16. NOVEMBER & SUNDAG 18. NOVEMBER:

KINO: THE TWILIGHT SAGA: BREAKING DAWN 2

## KULTURMÅNADEN NOVEMBER

LAURDAG 17. NOVEMBER:

BARNAS DAG V/KYRKJA  
SIRDAL KULTURHUS FRÅ KL. 15:00

SUNDAG 18. NOVEMBER:

BARN I GUDS HUS V/KYRKJA  
TONSTAD KYRKJE KL. 11:00

TYSdag 20. NOVEMBER:

TEMAKVELD: OM KULTURKOLLISJONAR  
FORFATTERBESØK - STEINAR TJOMLID  
SIGBJØRN K. HUSET KL. 19:00 / ENTRE: FRI

ONSDAG 21. NOVEMBER:

KONSERT: BODIL ARNESEN & PAAL ANDRE  
GRINDERUD TONSTAD KYRKJE KL. 19:00

FREDAG 23. NOVEMBER:

KONSERT: "FAT 50'S"  
SIRDAL FJELLMUSEUM KL. 20:00 / ENTRE KR 200

LAURDAG 24. NOVEMBER:

ROCKEKONSERT: "TEMPEST"  
SIRDAL KULTURHUS KL. 21:00 - RUFERITT ARRANGEMENT  
ROCKEQUIZ KL. 20:00 / KR 50

TYSdag 27. NOVEMBER:

TEMAKVELD: FOTOGRAFI FRÅ T. DAHL  
SIGBJØRN K. HUSET KL. 19:00 / ENTRE: FRI

## KVA SKJER I DESEMBER:

LAURDAG 1. DESEMBER:

KINO: MED TREKKSPILL TIL OPERAEN  
SIRDAL KINO KL. 15:00 / ENTRE KR 80 / 60

SUNDAG 2. DESEMBER:

ADVENTSSAMLING - TONSTAD  
ELIASTUNET KL. 16:00 / TONSTAD KYRKJE KL. 17:00

TYSdag 4. DESEMBER:

ADVENTSSAMLING - KVÆVEN  
FJELLMUSEET KL. 17:30 / KAPELLET KL. 18:00  
ETTER SAMLINGA I KAPELLET ER DET ADVENTSKOS  
PÅ FJELLMUSEET

ONSDAG 12. DESEMBER & SUNDAG 16. DESEMBER:

KINO: HOBBITEN - EN UVENTET REISE (3D)  
SIRDAL KINO KL. 19:00 / ENTRE KR 100

TORSdag 13. DESEMBER:

JULEKONSERT: TORSTEIN SØDAL, MARIA  
ARREDONDO, KIM ANDRE RYSSTAD  
- SAMAN MED LOKALE KOR -  
TONSTAD KYRKJE KL. 19:00 / ENTRE: 295 (V) 200 (B)

ONSDAG 26. DESEMBER:

UNGDOMSLAGET ARRANGERER:  
2. JULEDAGSFEST I KULTURHUSET  
SIRDAL KULTURHUS - FOR MEIR INFORMASJON, SJÅ  
SIRDAL UNGDOMSLAG PÅ FACEBOOK

SIRDAL KOMMUNE - EINING FOR KULTUR OG FRITID - RÅDHUSET - 4440 TONSTAD - [www.sirdal.kommune.no](http://www.sirdal.kommune.no)

## BOKLOPPESAL

KULTURHUSET 3. NOV - 30.NOV

Biblioteket har hatt ei stor opprydding i hyllene sine. Me har mange utgåtte bøker som no vert lagt ut for sal.

I kulturhuset (foajé) vert det bokloppesal heile november månaden. Ta turen innom å sjå om du finn boka du har leita etter lenge eller andre spennande bokskattar!



Bokloppesalet er ope frå måndag til fredag kl. 07.00 - 15.00 i perioden 3. til 30. november.



Lokale "skodespelarar" i filmen: Anders Løyning og Jan Inge Bakken.  
Bilete er frå årets filmfestival i Haugesund.  
Foto: Sirdalen Avis.

## KINO: MED TREKKSPILL TIL OPERAEN

LAURDAG 1. DESEMBER KL. 15.00

Om filmen: Det heile starta med ein førespurnad om å underhalda på ein lokal festival og har utvikla seg til eit fenomen som samlar fulle hus land og strand.

Dei har hatt eventyrlig suksess, både i Noreg og utanlands. Dette er eit møte med entusiastiske trekkpelarar som ikkje kan forstå kvifor dei ikkje skulle få lov å spela i Operaen. Dei er tradisjonsberarar som dyrkar den gode musikken frå 50- og 60-tallet. Dei er kulturberarar av ein kultur som absolutt ikkje har gått ut på dato, og som står i sterkt kontrast til ein meir urban kulturforståelse. Det tok tolv år før dei fekk gjera entré på scena i Bjørvika og stemninga var høg då trekkpelarane endeleg fekk innta scena i finkulturens høgborg i hovudstaden.

Sirdal komm. kino ønskjer alle møtt til kulturhuset kl. 14.00 til hyggeleg samvær, det vert sal av kaffi + kaffimat i forkant av filmen. Filmen byrjar kl. 15.00

Billettpriis: Ordinær kr. 80 / Honnør kr. 60



## TESKJEKJERRINGAS JULESTRI'

FREDAG 9. NOVEMBER KL. 18:00

Vel møtt på teater: Teskjekjerringas Julestri' - basert på Alf Prøysen sine tekstar og songar.


Ein kan aldri starte for tidleg med førearbeit til jul, seier Teskjekjerringa. Ho tykkjer det er like stas å stelle til jul som å feire sjøve høgtida. Mannen hennar tykkjer det kan vera litt stress med alt maset, og meiner dei kan gjera slik som mange andre og reise til Syden i jula. Men Teskjekjerringa held på sitt, og saman inviterer dei til ei hyggeleg lita førjulssamling.

Premiering av teiknekonkuransen (leveringsfrist 1. nov på biblioteket) før forestillinga, ca kl. 17:30

Dette er eit underhaldande interaktiv teater for heile familien, førestillinga varer om lag 50 min. Billettkjøp: [www.sirdal.kommune.no](http://www.sirdal.kommune.no)



Kyrkje og kultur i Sirdal 19



## Sigbjørn K. huset

Fredag 28. september var det offisiell opning av Sigbjørn K. huset. Eining for kultur vil no oppmode alle innbyggjarar til å nytte seg av huset til møter, mindre arrangement og aktivitetar.

Huset skal fungere som arena for ulike aktivitetar: møtelokale (politiske grupper, bedriftar, lag/foreiningar), mindre arrangement (t.d. foredrag, forfattarbesøk, intimkonsert) og utstillingslokale (kunstutstilling, sal av husflidsprodukt m.m.).

Me vil oppmøde alle til å bruke huset, ta kontakt med oss dersom du/ ditt lag og foreining/ din bedrift ønsker å leige det.

Me har no ei flott fotoutstilling i huset, med bilete frå rose målinga i Tonstadbua. (Denne bua sto tidlegare i hagen her, den er no ein del av samlinga til Vest-Agder Fylkesmuseum).



### ■ TEMA KVVELD - TYSDAG 20. NOV: OM KULTURKOLLISJONAR

Me får besøk av Steinar Tjomlid som skal fortelja om sitt møte med Afrika - små finurlege historie om kulturkollisjonar.

*Når menneske med ulik kulturell bakgrunn treffes, så kan det i mange tilfelle oppstå "kollisjonar". Mange av desse situasjonane kan vera morosame, samstundes som dei opnar opp og gjev forståelse for ulikheter.*

Arrangementet byrjar kl. 19:00 og alle er vel møtt. Det vert enkel servering og tid til gode samtale kring temaet.

### ■ TEMA KVVELD - TYSDAG 27. NOV: FOTOGRAFI FRÅ T. DAHL

Frå biletksamlinga til fotograf T. Dahl så er det mange bilete me ikkje har funne opplysningar til. Mange av desse bileta vil me vise fram på storskjerm i Sigbjørn K. huset, tysdag 27. november, og me håper at publikum kan hjelpe oss med nye opplysningar.

Me har gjort eit utval frå samlinga som skal vise litt av mangfaldet til T. Dahl, og det er bilete frå m.a. Øksendal, Virak og Tonstad. Arrangementet byrjar kl. 19:00 og alle er vel møtt! Enkel servering.

## VISE OG LYRIKKVELD:

**ELIN FURUBOTN**

**SVEIN TANG WA**

**GUNNAR ROALDKVAM**

## TORSDAG 8. NOVEMBER

Vise- og lyrikkveld i Sirdal kulturhus med Svein Tang Wa, Gunnar Roaldkvam og Elin Furubotn.

Denne flotte trioen skal framføre gamle og nye dikt og songar. Alt er på norsk og på deira eiga dialekt. Elin Furubotn er oppvaksen på Tonstad og ho tykkjer det er ekstra stas å kome "heim att" til Sirdal. Entré kr. 200,-

Program for kvelden:

Kl. 19:00 Cafè med forfriskingar

Kl. 20:00 Vise- og Lyrikkveld

**Elin Furubotn** har gitt ut sitt femte album, *Heilt ny vei*, som har fått strålande kritikkar.

**Svein Tang Wa** er visesongar, biletkunstnar og poet. Han er utdanna grafikar og har gitt ut seks musikkalbum.

**Gunnar Roaldkvam** er forfattar og historikar. Han har gitt ut fleire dikt-samlingar og fagbøker. Han har òg skrive songtekstar til m.a. Vamp og Sigvert Dagsland.



Elin Furubotn



Biletkunstnaren **Elena Abessinova** er svært nögd med kunstprosjektet med skuleelevar i Sirdal. Ho er imponert over kor flinke mange av elevane er, og over den kreativiteten som fins. Ho håper mange vil ta turen til Espetveit for å sjå på elev-utstillinga.



## KINO - 11. NOVEMBER:

**REISEN TIL**

**JULESTJERNEN**

Fleire generasjonar har *Reisen til Julesjernen* som sin store julefilm. Sverre Brandts skodespel hadde urpremiere andre juledag 1924. Sidan den gong har historien om Sonja som jaktar på julestjerna blitt veldig populær, både i inn- og utland og er ein tidlaus klassikar. No kjem det ei ny filmatisering av den kjende og kjære historien til glede for nye generasjoner. Regissør er Nils Gaup. Sirdal kino kl. 18:00



## KUNSTUTSTILLING:

**BILETKUNST FRÅ ELEVAR**

FRÅ KUNSTPROSJEKT V/ELENA ABESSINOVA

Skulane i Sirdal har nyleg gjennomført eit kunst-prosjekt med biletkunstnaren Elena Abessinova, som bur på Espetveit. Prosjektet er ein del av arbeidet med *Den Kulturelle Skulesekk* - kor målet er å gje alle elevar eit møte med profesjonell kunst.

Elevar frå ungdomsskulen på Tonstad og Sinnes har vitja Elena i hennar atelier. Dei har fått innføring i korleis ein biletkunstnar arbeidar og dei har alle laga sitt eige måleria.

Desse måleria vert utstilt på galleri Exclusive Art Espetveit veke 46. Me vil oppmøde alle til å koma for å sjå denne spennande utstillinga. Du kjem til å bli imponert over kor mange unge talent me har i dalen!

Vel møtt til opninga Laurdag 10. november - då er det ope mellom kl. 12:00 og 18:00, fri entré. Elles er det ope sundag 11 - fredag 16. november kl. 14:00 - 19:00. Entré kr. 50. Sal av enkle matretter er det òg.



## KONSERT:

# SECRET GARDEN -WINTER POEM-

Tysdag 13. november kl. 20:00  
Sirdal kulturhus

Det byrjar å bli nokre år sidan duoen Secret Garden (Rolf Løvland og Fionnuala Sherry) vant den internasjonale finalen i Eurovision Song Contest - med den vakre melodien *Nocturne*. Ein må heilt tilbake til 1995. Denne sigeren var byrjinga på eit fantastisk musikalsk eventyr med turné og konsertar, både i inn- og utland.

Secret Garden har i løpet av desse åra gitt ut 8 album og har solgt nærmare fire millioner av desse. Deira store hit "You Raise Me Up" er spelt inn i meir enn 500 ulike versjonar, deriblant av artistar som Josh Groban og Westlife.



Secret Garden si besetning på denne turnén (Winter Poem) består av bass, gitar, trommer og fløyte, samt ein vokalist - i tillegg til Fionnuala Sherrys brillante fiolin og Rolf Løvland på piano - God fornøyelse!



"Etter halvannen time med Secret Garden føler jeg meg oljet og salvet i sjel og sinn, så alt som måtte være vrint og vanskelig, bare er en fjern erindring. Harmoni er et nøkkelord". -Fædrelandsvennen terningkast 6

## KONSERT - 24. NOVEMBER:

# TEMPEST SIRDAL KULTURHUS

Tempest består av 4 stk i alderen 18 år fra Flekkefjord og Kvinesdal. Bandet går på musikklinja i Vågsbygd. Gjengen har klassifisert seg som en vri på klassisk tungrock, m/ innslag av metall og sterkt kvinnelig vokal.

### Vel møtt til kulturhuset:

RockeQuiz kl. 20:00  
Konsertstart kl. 21:00  
Entré kr. 50,-

Arrangementet er rusfritt.




## HAUSTSPRELL MED SIRDAL KULTURSKULE

## KONSERT - 23. NOVEMBER:

# FAT 50`S SIRDAL FJELLMUSEUM

Fat 50's gleder seg til å besøke Kvæven igjen. Denne gong har dei tatt utgangspunkt i musikk frå sun records, atlantic, chess og RCA. Dei byr på det beste av klassikarane frå 50 og 60 talet. Ta med deg rockefoten og kom! Konserten er kl. 20:00 og entré er kr. 200,-



Fat 50's består av frå venstre: Kaare H. Lauridsen (gitar og vokal), Cato Svindland (slagverk), Sven Erik Printz (keyboard og vokal), Thomas Andersen (bass).

Torsdag 15. november er det *Haustsprell* med elevar frå Sirdal kulturskule. Denne kvelden får publikum sjå unge og talentfulle sirdølar på scenen. Det vert eit fullspekka program med song, musikk, biletkunst, dans m.m. SMoK ønskjer alle vel møtt for å sjå det fargerike mangfaldet av talent som fins hjå elevane! Kl. 18:00 / Fri entré

**KINO - 12 OG 16. DESEMBER:**

## **HOBBITEN**

### **- EN UVENTET REISE 3D**

Frå filmskaparen Peter Jackson kjem no "Hobbiten: En uventet reise", den fyrste filmen i ein trilogi som bygger på det store meisterverket "Hobbiten" av J.R.R. Tolkien.

Filmen kan du sjå på Sirdal komm. Kino den 12. og 16. desember, begge dagar kl. 19:00.

FRÅ REGISSØREN AV "RINGENE SIN HERRE" TRILOGIEN

## **HOBBITEN**



3 av Noregs flottaste stemmar gjev deg årets mest stemningsfulle julekonsert: Torstein Sødal, Maria Arredondo og den kritikarreste kvedaren frå Setesdal, Kim André Rysstad. Turneen "Jul i Sør" er basert på Sødals juleplate med same tittel, og inneheld tradisjonsrike songar, i ein elegant innpakning. *"Sødal tok publikum - ikkje med storm - men med orkan styrke, då han framførde O helga natt - det endte med ståande og rungande applaus i fleire minuttar."* Billettsal: [www.billettservice.no](http://www.billettservice.no)

## **JULEKONSERT I TONSTAD KYRKJE:**

**TORSTEIN SØDAL, MARIA ARREDONDO OG KIM ANDRÉ RYSSTAD**

**+ DELTAKING FRÅ LOKALE KOR: BLANDAKORET OG UNGDOMSKORET REVELATION**



**TORSdag 13. DESEMBER**

**KL. 19:00**

**ENTRÉ KR. 295 (V) 200 (B)**

## **KULTURPRIS OG BYGGESIKKPRIS**

Frist for å melde inn kandidatar til Kulturpris og Byggesikkpris 2012 er:

**Fredag 30. november**

Namn på kandidat + grunngjeving kan sendast inn til: Sirdal kommune, Rådhuset, 4440 Tonstad eller på E-post til: [post@sirdal.kommune.no](mailto:post@sirdal.kommune.no)



## *Frå fotograf T. Dahl si skattekiste:*

Det er fleire bilete i samlinga til T. Dahl som ein ikkje har funne opplysningar til.  
Kjenner du att personane på desse bileta, eller har du anna informasjon?

Då kan du ringe inn til oss på kulturkontoret, tlf.: **38 37 90 70** eller sende ein  
E-post til: [gko@sirdal.kommune.no](mailto:gko@sirdal.kommune.no)



**Fotograf T. Dahl**  
Tønnes Andreas Jonassen  
Øksendal (1884 - 1979)

Han var sjølvlærd som fotograf.  
Mykje av utstyret til framkalling og kopiering laga han sjølv.  
Den store samlinga av fotografar  
inneheld m.a. portrett, veg-  
arbeid, bryllaup og gravferd.